



**Emne: Informasjon til føresette i barnehagane i Radøy**

Kommunale rutinar i samband med overgrep mot born

---

Saksbehandler: Sektor for oppvekst/Jo Bjarte Tømmerbakke

Vår referanse: 16/940 - 16/6736 /

Den siste tida har det vore oppe fleire saker i media om overgrep mot born i barnehage. I den samanheng ynskjer Radøy kommune å sende ut ei orientering til føresette om kva rutinar barnehagane i Radøy har både for å hindre overgrep og kva ein skal gjera ved generell mistanke om overgrep. (jmfr lov om barnehagar § 22)

Rutinar for å hindre overgrep:

- Tilsette skal vere minst mogleg åleine med borna
- Opne dører ved stell og toalett rutinar der borna treng hjelp frå vaksne
- Ved bading i Radøyhallen – nytte garderobe ved terapibasseng då den er meir oversiktleg – ikkje fysisk delt mellom kjønn
- Politiattest ved ny tilsetting og bruk av vikarar
- Gjennomgang av rutinar kvar haust og fortløpande ovanfor nye tilsette og vikarar

Rutinar ved mistanke om overgrep:

- Kontakte barnevern og / eller politi
- Kan be om anonym drøfting med barnevernet – men barnevern kan då velje å gå vidare med saka – barnehagen pliktar då å namngje dei involverte
- Barnehagen skal ikkje ta kontakt nokon andre i høve ei sak før ein tek kontakt med barnevern /politi
- Barnehagen føl deretter vidare instuksar frå barnevern /politi
- Barnehagen kan og søkje råd hjå konsultasjonsteam for vold og overgrep i Nordhordland

Barnehagane kan svare meir utdjupande dersom de har spørsmål om rutinane.

Med venleg helsing Jo Tømmerbakke, Kommunalsjef oppvekst